

Den andre robotfjøs i Uskedalen er teken i bruk.

07.10.2020



Roboten er installert og teken i bruk på Kjærland. John Harald Vedøy og Sveinung Hodne frå DeLaval saman med gardbrukar Hans Reidar Kjærland.

**Det er installert robotfjøs hos Hans Reidar Kjærland på Kjærland. Det er den andre i sitt slag i Uskedalen, etter Runar Myklebust som la om til lausdrift med robot 1. juli 2015. John Harald Vedøy og Sveinung Hodne frå DeLaval var med på opninga i går ettermiddag og kveld. Roboten er levert av DeLaval.**

Overgangen til lausdrift og bruk av robot må reknast som ei storhending for Hans Reidar Kjærland. Med dette er han i mål med ei stor og omfattande fornying og oppdatering av gardsdrifta. Løa på Kjærland er renovert. Eit større redskapshus på Leite er bygd om til fjøs for ungdyr. Ny gjødsekkjellar er på plass.

Nesvik Landbruksbygg frå Vigrestad har hatt arbeidet med betong og rehabilitering. Lokale firma har vore engasjert på elektro og røyrlarbeid. Ola Haugland i Felleskjøpet har teikna og prosjektert.



[Kua har funne den nye plassen sin og vert mjølka.](#)

Hans Reidar Kjærland har før fortald til Uskedalen.no at den store investeringa ikkje vert gjort for å auka produksjonen med større areal eller kvote, men for å letta arbeidet og driva meir effektivt. Dyrevelferd er eit anna moment og vil alltid vera viktig i arbeidet med dyr.




Roboten - den nye tekniske installasjonen i ein fjøs.

Hans Reidar er ein av fleire i landbruket som no går over til lausdrift og bruk av robot til mjølkinga. Stian og Tor Ove Haugland er komne langt i arbeidet med ny fjøs. Andre er på planstadiet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tormod Myklebust / Hans Reidar Kjærland





Roboten og mjølsiloen kjem til Kjærland og er klar for montering.